

2021-2024

# Tiltaksstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket



Overordna retningsliner

Åse-Berit Nytun

Stryn kommune

8.2.2021

## Innheld

1. Bakgrunn.....	1
2. Grunnlag .....	2
2.1. Generell statistikk og tal.....	2
2.2. Avvirkingsstal i ein femårsperiode.....	2
2.3. Planting og plantekjøp i ein femårsperiode .....	2
3. Lokal medverknad og forankring .....	3
4. Mål.....	3
5. Retningslinjer.....	3
5.1. Generelt.....	3
5.1.1. Naturmangfaldlova.....	4
5.2. Skogkultur - § 4.....	4
5.2.1. Tilskotssats.....	4
5.2.2. Krav .....	5
5.2.3. Prioritering.....	5
5.2.4. Søknaden .....	5
5.3. Veg - § 5.....	6
5.3.1. Tilskotssats.....	6
5.3.2. Krav .....	6
5.3.3. Prioritering.....	7
5.3.4. Vilkår .....	7
5.3.5. Søknaden .....	8
5.4. Miljøtiltak i skog - § 6 .....	8
5.4.1. Tilskotssats.....	8
5.4.2. Krav .....	8
5.4.3. Vilkår .....	9
5.4.4. Søknaden .....	9
5.5. Drift med taubane, hest o.a. - § 7 .....	9
5.5.1. Tilskotssats.....	9
5.5.2. Krav .....	9
5.5.3. Prioritering.....	10
5.5.4. Vilkår .....	10

5.5.5. Søknaden .....	10
5.6. Ut drift av skogsvirke til bioenergi - § 8.....	11
5.6.1. Tilskotssats.....	11
5.6.2. Krav .....	11
5.6.3 Søknaden .....	12
5.7. Andre tiltak i skogbruket - § 8 .....	12
5.7.1. Tilskotssats.....	12
5.7.2. Prioritering.....	12
5.8. Oppsummert oversikt over tilskotssatsar for perioden 2021-2024.....	13
6. Søknadsfristar .....	13
6.1. Generelt .....	13
6.2. Skogkultur - § 4 .....	14
6.3. Vegbygging - § 5.....	14
6.4. Miljøtiltak i skog, ut drift av virke til bioenergi og andre tiltak i skogbruket - §§ 6 og 8.....	15
6.5. Drift med taubane, hest o.a. - § 7.....	15
7. Tilskotsbehov .....	15
7.1. Generelt .....	15
7.2. Generelt NMSK-tilskot (skogkultur m.m.) .....	15
7.3. Tilskot til vegbygging .....	16
7.4. Tilskot til drift med taubane, hest o.a. ....	16
8. Revidering .....	16

## **1. Bakgrunn**

Med heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-forskrifta) skal det fastsetjast overordna retningsliner (tiltaksstrategi) for prioritering av tilskotssøknader etter denne forskrifta. Utarbeidninga skal skje i dialog mellom kommunen, statsforvaltaren og dei lokale næringsorganisasjonane i skogbruket.

Føremålet med ordninga tilskot til nærings- og miljøtiltak (NMSK-tilskot) i skogbruket er heimla i § 1 i forskrifta. Ut frå regionale og lokale prioriteringar skal det stimulerast til auka verdiskaping i skogbruket, på same tid som miljøverdiar knytte til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivaretakne og vidareutvikla.

Verkeområdet til forskrifta er i hovudsak alle skogeigedomar med meir enn 10 dekar produktiv skog.

Kommunen handsamar no alle NMSK-tilskota, etter at vi 1. januar 2020 overtok handsaminga av tilskotssøknader knytt til drift i vanskeleg terren (drift med taubane, hest o.a.) og bygging av landbruksveg frå statsforvaltaren (då fylkesmannen). Handsaming av tilskotssøknadane knytt til drift i vanskeleg terren og bygging av landbruksveg har fram til no vore forankra ved midlertidige retningsliner (vedtekne i mai 2020) som vedlegg til den eksisterande tiltaksstrategien.

I tillegg har NMSK-tilskot til utdrift av skogsvirke til bioenergi tidlegare hovudsakleg vore omfatta av ei sentral ordning, og difor handsama av fylkesmannen. Denne sentrale ordninga er no avslutta, og kommunen må avgjere korleis eit eventuelt tilskot knytt til dette tiltaket skal handsamast framover.

Den eksisterande tiltaksstrategien gjeld ut 2021, men vi finn det rett å revidere strategien no. Dette er både fordi det trengst ei avklaring og presisering i høve til tilskot knytt til utdrift av skogsvirke til bioenergi, og fordi vi ser at dei midlertidige retningslinene knytt til tilskot til landbruksvegbygging ikkje fungerer på best mogleg måte. Grunnen til dette er hovudsakleg at vi mottek mindre tilskotsmidlar til bygging av landbruksveg enn behovet vi har, og difor vert nøydde å innføre strengare krav og snevrare retningsliner. Dette må inn i strategien for at tilskotshandsaminga skal vere føreseieleg, lik og mest mogleg rettferdig.

Denne tiltaksstrategien byggjer på strategien for 2018-2021 og dei midlertidige retningslinene, og inneheld kun mindre endringar, hovudsakleg knytt til tiltaka nemnde ovanfor.

Det vert ikkje gjeve noko ekstra tilskot etter denne tiltaksstrategien ved naturkatastrofar. Eventuell tilleggsstrategi vert utarbeida dersom det trengst t.d. ved orkanar i perioden.

## 2. Grunnlag

### 2.1. Generell statistikk og tal

Stryn kommune har eit totalt skogareal på om lag 241 000 dekar, og om lag 133 000 dekar av dette er produktivt/driveverdig. Den totale kubikkmassa er på om lag 1 674 000 m<sup>3</sup> – av dette er om lag 757 000 m<sup>3</sup> gran, 483 000 m<sup>3</sup> lauv og 434 000 m<sup>3</sup> furu. Total tilvekst (det volumet trea aukar med frå år til år) er om lag 50 000 m<sup>3</sup>.

Grana er det treslaget som utgjer mest kubikkmasse i kommunen. Det er også dette treslaget, som med den skogsmarka vi har, produserer mest og gjev mest igjen økonomisk. Vidare er grana også det treslaget som er mest etterspurd av industrien både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er likevel framleis noko vegring hjå skogeigarane i kommunen mot å plante gran.

Balansekvantumet (kva som er berekraftig å hogge i hogstklasse 5 + 10 år pr. år i ein femårsperiode) for gran dei nærmaste fem åra er 25 000 m<sup>3</sup>. Neste femårsperiode gjer balansekvantumet eit hopp til 43 000 m<sup>3</sup>. Desse tala tek ikkje omsyn til areal som allereie er hogge.

### 2.2. Avvirkingstal i ein femårsperiode

Tabellen nedanfor syner ei oversikt over avvirka volum, og verdien av dette, i Stryn kommune i perioden f.o.m. 2015 – t.o.m. 2019. Tala er henta frå ØKS (Økonomisystemet for skogordningene).

År	Avvirka volum (m <sup>3</sup> )	Verdi (kr)
2019	11 200	4 600 000
2018	18 200	7 500 000
2017	14 500	4 600 000
2016	33 000	9 900 000
2015	15 000	4 300 000
<b>SNITT</b>	<b>18 380</b>	<b>6 180 000</b>

Tala er avrunda

### 2.3. Planting og plantekjøp i ein femårsperiode

Tabellen nedanfor syner ei oversikt over planting og plantekjøp i Stryn kommune i perioden f.o.m. 2015 – t.o.m. 2019. Tala er henta frå ØKS (Økonomisystemet for skogordningene).

År	Planta (ant. plantar)	Plantekostnad (kr)	Tilskot til planting (kr)	Kjøpt (ant. plantar)	Kjøpekostnad (kr)	Tilskot til plantekjøp (kr)	Totalt tilskot planting og plantekjøp (kr)
2019	106 000	636 000	286 000	5500	17 000	8500	294 500
2018	47 000	234 000	109 000	4600	13 000	6500	115 500
2017	44 000	135 000	90 000	39 000	120 000	65 000	155 000
2016	53 000	219 000	124 000	31 000	106 000	53 000	177 000
2015	17 000	53 000	38 000	43 000	97 000	73 000	111 000
<b>SNITT</b>	<b>53 400</b>	<b>255 400</b>	<b>129 400</b>	<b>24 620</b>	<b>70 600</b>	<b>41 200</b>	<b>170 600</b>

Tala er avrunda

NB: i mange tilfelle er plantekjøp og nyplanting dei siste åra slått saman på kode 120 - nyplanting, og det kan av den grunn føre til at desse tala vert noko misvisande. Dette er gjort på instruks frå statsforvaltaren (fylkesmannen), for at tilskot til miljøtiltaket «tettare

planting» skal kunne reknast ut.

### 3. Lokal medverknad og forankring

Revisjonen av tiltaksstrategien kjem hovudsakleg som ei fylgje av endringane som gjaldt frå 1.1.2020, der kommunen fekk løyvingsfullmakt til alle tiltaka etter NMSK-forskrifta.

Utanom for kap. 5.3., 5.5. og 5.6. medfører revisjonen ingen større endringar av strategien for 2018-2021. Utkast har blitt sendt til Statsforvaltaren i Vestland, Vikane skogeigarlag og Stryn skogeigarlag, jf. forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3 andre ledd. Strategien er vidare lagt fram for formannskapet til godkjenning.

Godkjenning av tiltaksstrategien i formannskapet gjev skogbruksansvarleg, eller tilsvarande representant, i kommuneadministrasjonen fullmakt til å handsame tilskotssøknadane heimla i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, administrativt.

### 4. Mål

I høve til førre periode ser vi no ein nedgang i saker som vert tekne ut til foryngingskontroll. Dette vitnar om at fleire foryngar areala sine etter avvirkinga – noko som kan vere eit resultat av målretta fokus over tid, både frå stat, kommune og private aktørar. Vi er likevel ikkje heilt i mål her.

Hovudmålet i perioden vert difor, som førre periode, at mest mogleg av avvirka areal vert forynga igjen.

I tillegg vil vi også gjennom bruk av høgare tilskotssats søkje å legge til rette for at mest mogleg av forynga areal skal haldast ved like og stellast slik at tilhøva vert best mogleg for å skape sterke og friske skogar med høg produksjonsevne.

### 5. Retningslinjer

#### 5.1. Generelt

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket legg føringar for kva tiltak som kan få løyving, og kriterier for tildelinga. Ved forskriftsendring innafor perioden for denne tiltaksstrategien vil dei gjelde framfor strategien.

Tilskot etter NMSK-forskrifta er ikkje noko ein har krav på, men er noko ein kan få dersom kriteriene er til stades og dersom det er tilstrekkeleg tilskotsmidlar tilgjengeleg.

Den samla planen for skogbruket i kommunen, utarbeida i 2019, er naturleg å nytte i tilskotssakene, for å vurdere prioriteringa og tilskota. Planen inneheld ei oversikt over skogbruksområde der det er estimert stor hogst (over 5000 m<sup>3</sup>) av gran dei nærmaste 20-25 åra, oversikt over skog med vernande funksjon (både offisiell vernskog og anna skog med vernande funksjon), oversikt over skogsvegar

(både eksisterande og tenkte) og oversikt over kommunale vegar som utgjer flaskehalsar for skogbruket.

Tilskotssatsane i denne tiltaksstrategien er hovudsakleg baserte på tidlegare tilrådingar frå statsforvaltaren (fylkesmannen), og tilpassa Stryn kommune sitt hovudmål og prioriteringar. I tillegg har nokre av tilskotssatsane vore drøfta med lokale entreprenørar som har oversikt over kostnadane med å ta ut skog, t.d. via taubane.

Krav om utbetaling frå skogfond, som mange av tilskotssøknadane etter NMSK-forskrifta baserar seg på, må vere levert til kommunen seinast eitt år frå utgangen av det kalenderåret investeringa vart gjort, jf. forskrift om skogfond § 12 første ledd.

### **5.1.1. Naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova som kom i 2009 krev at det i endå større grad vert teke omsyn til biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald i all offentleg forvalting - det har òg innverknad på handsaming av søknader etter forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Ved løvning av tilskot vert tiltaket vurdert opp mot reglane og føringane i naturmangfaldlova.

## **5.2. Skogkultur - § 4**

Tilskot til skogkultur gjeld tilskot m.a. til ungskogpleie, planting, plantekjøp og andre kvalitetsfremjande tiltak i skogen.

Bruk av kjemiske midlar, kjøp av utstyr eller tiltak som ved uttak av virke gjev overskot, gjev ikkje rett på tilskot.

Før 2020 vart naturmangfaldlova vurdert også ved tildeling av tilskotsmidlar knytt til skogkulturtiltak i Stryn kommune. Frå 2020 vart imidlertid dei aktuelle løvningsbreva automatisk generert frå landbruksdirektoratet, og i desse er naturmangfaldlova ikkje vurdert som aktuell. Dette er fordi tilskot til skogkultur vert gjort etterskotsvis, og tiltaka ikkje endrar bruken av arealet.

### **5.2.1. Tilskotssats**

For kostnader knytt til planting og plantekjøp er tilskotssatsen uendra frå førre periode, og er framleis 50 %.

Til andre skogkulturtiltak ga vi i førre periode 40 % tilskot. Dette fordi det var planting som var det mest aktuelle skogkulturtiltaket i kommunen då den førre tiltaksstrategien vart utarbeida, og dette det vart fokusert på – både lokalt og regionalt.

Året etter at den førre tiltaksstrategien vart utarbeida kom det imidlertid ei tilråding frå statsforvaltaren (fylkesmannen) om at fokuset burde dreiest mot ungskogpleie, i tillegg til å framleis fokusere på forynging. Vi såg det slik at denne tilrådinga ikkje var tilstrekkeleg til å endre den gjeldande tiltaksstrategien då.

Med bakgrunn i det, og at det også har vore eit hovudfokus på planting ei stund, ynskjer vi no å auke satsen også for ungskogpleie (lauvrydding og avstandsregulering). På denne måten håpar vi skogen som er forynga/under forynging får best mogleg vekstvilkår, og etter kvart bli sterke og friske skogar med høg produksjonsevne.

For andre skogkulturtiltak (såing, flaterydding, markberedning, stammekvisting, underskot ved tynning og gjødsling) er tilskottssatsen uendra frå førre periode.

Av den grunn set vi tilskottssatsen for planting, plantekjøp og ungskogpleie til 50 %. For alle andre tilskotsaktuelle skogkulturtiltak er tilskottssatsen 40 %.

Det vert ikkje gjeve noko ekstra tilskot etter denne tiltaksstrategien ved attplanting etter vindfall. Eventuell tilleggsstrategi vert utarbeida dersom det trengst t.d. ved orkanar i perioden.

### 5.2.2. Krav

Tiltaket bør:

- Vere tilrådeleg skogfagleg, med rett treslag, rett plantetal og rett tiltak på rett plass.
- Vere tilrådeleg økonomisk.

Vidare skal det vere teke naudsynte miljøomsyn ved at plantinga er styrt inn mot eigna eksisterande hogstareal og relevante attgroingsareal. Det bør styrast unna planting på nye areal med sterke interessekonfliktar som t.d. verdfulle kulturlandskap og viktige friluftsområde.

Det vil kvart år verte utført feltkontroll på minimum 5 % av dei skogkulturtiltaka som har fått tilskot. Kontrollen vil hovudsakleg verte utført på tilfeldige felt (stikkprøve).

### 5.2.3. Prioritering

Dersom det vert naudsynt å prioritere mellom søknadane der tilskot går frå den same NMSK-tilskottspotten som skogkultur, vil søknader som gjeld planting og plantekjøp verte prioriterte. Deretter vil søknader som gjeld ungskogpleie verte prioriterte. Denne prioriteringa er basert på måla i tiltaksstrategien.

### 5.2.4. Søknaden

Søknad om tilskot til skogkultur skal skrivast på landbruksdirektoratet sitt skjema LDIR-909 eller leverast elektronisk via den aktuelle eigedomen sin skogfondkonto.

Dette skal leggast ved søknaden:

- Kart som syner kvar det er planta – eventuelt skal det teiknast direkte i kart ved elektronisk søknad.
- Kopi av fakturaen.
- Opplysningar om skogeigar er MVA-registrert eller ikkje.

### **5.3. Veg - § 5**

Tilskot til veg gjeld tilskot m.a. til bygging av nye skogsvegar (både traktorvegar og bilvegar i landbruksvegklassane) eller ombygging av eksisterande skogsvegar. Traktorvegar som etter søknad vert bygd om til skogsbilveg, eller søknadspliktig opprusting av veg til ein betre vegklasse (standardheving) kan også gje rett på tilskot.

Det er kun skoginteressene i vegen som kan gje tilskot. D.v.s. at dersom vegen ikkje løyser ut skog, kan tiltaket heller ikkje få tilskot.

#### **5.3.1. Tilskotssats**

Fylkesmannen handsama tidlegare desse søknadane, men kommunen hadde likevel overordna retningsliner for tilskot til landbruksveg, sidan det var kommunen si oppgåve å foreslå prioritering og tilskotsprosent før sakene skulle handsamast hjå fylkesmannen.

Retningslinene var baserte på retningsliner frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og desse vil i stor grad bli vidareførte. Tilskotssatsen vil ligge i same intervalla som den har gjort siste åra, og samsvarar med tilskotssatsen fylkesmannen nyttar.

- Tilskot til traktorvegar ligg mellom 25-45 %
- Tilskot til bilvegar ligg mellom 30-70 %

Den maksimale tilskotssatsen er 45 % for traktorveg og 70 % for bilveg.

For bilveg må dette vere gjort for å kome opp i makssatsen på 70 %:

- Planlegging utført av/saman med profesjonell vegplanleggar eller nokon med tilsvarende kompetanse = + 4 %
- Utarbeiding av anbod = + 3 %
- Profesjonell oppfølging av anlegget under bygging = + 3 %

Er ikkje noko av det over gjort, men kriteriene elles er til stades og tilskotsmidlane strekk til, vil ein bilveg ende på makssats 60 %.

Søknadane om tilskot til bygging av landbruksveg, som kom inn i 2020 eller tidlegare, skal handsamast etter retningslinene som gjaldt i 2020.

Det vert ikkje gjeve noko ekstra tilskot etter denne tiltaksstrategien ved bygging av veg t.d. etter vindfall. Eventuell tilleggsstrategi vert utarbeida dersom det trengst t.d. ved orkanar i perioden.

#### **5.3.2. Krav**

- Kun landbruksvegar som har ei overvekt av skoginteresser (over 50 %) knytt til seg, kan få tilskot.
- Tilskot vert kun gjeve til vegar til private og offentlege skogar over 10 dekar.
- Tilskot vert kun gjeve til vegar som løyser ut område der det er planar om å drive eit uthaldande skogbruk.

- Bygginga/ombygginga av vegen skal vere godkjend av kommunen, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.
- Det må vere utarbeida ein byggeplan som er godkjend av kommunen (på baksida av tilskotssøknadsskjemaet står det kva byggeplanen skal innehalde).
- Veganlegg med ein anleggskostnad på over kr. 1 000 000 skal vere planlagd av ein profesjonell vegplanleggar, eller nokon med tilsvarende kompetanse.
- Kostnadane med vegen skal vere kjend før det vert søkt om tilskot.
- Søknad om tilskot skal sendast til kommunen før arbeidet med vegen vert sett i gong.
- Veglina skal vere godkjend av kommunen.
- Vegen skal byggast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føre fram til det punktet som er oppgjeve i søknaden.
- Vegen skal byggast etter gjeldande normalar for landbruksvegar – vegstandarden må avpassast skogen og det aktuelle området.
- For fellesanlegg skal fordelinga av kostnadane med anlegget gå fram av signert søknadsskjema og det framtidige vedlikehaldet skal vere definert ved skriftleg avtale.
- Det vert ikkje gjeve tilskot til skogsvegar der anleggskostnadane er under 60 000 kr.
- Det vert ikkje gjeve tilskot til «enkle vegar» og enkle traktorvegar i landbruksvegklasse 8.

### 5.3.3. Prioritering

- Søknader med samla anleggskostnader på kr. 300 000 og under vert handsama fortløpande gjennom året, og prioriterte etter kriteria i kulepunkt 3, 4, 5 og 6 her.
- Søknadar med samla anleggskostnader på over kr. 300 000 vert handsama det året dei kjem inn (innanfor fristane), og vert i handsaminga prioriterte opp mot dei andre søknadane knytt til den same søknadsfristen.
- Vegar bygde/bygde om i samband med å ta ut vindfallhogst vert prioriterte.
- Vegar bygde i fellesskap mellom fleire skogeigarar/grunneigarar, og som på same tid løyer ut mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal som skal nyttast til uthaldande skogbruk, vert prioriterte.
- Bilvegar(\*) og ombygging frå traktorveg til bilveg(\*) vert prioritert.
- Bilveg klasse 5(\*) vert ikkje prioritert.

### 5.3.4. Vilkår

- Vegar som har motteke tilskot skal haldast ved like i same standard som vegen opphavleg var bygd i. Skriftleg plan, og eventuelt avtale, for vedlikehald skal ligge føre før tilskotet vert utbetalt.
- Ein skriftleg plan for/oversikt over framtidig bruk av arealet som vert løyst ut av vegen skal ligge ved tilskotssøknaden.
- Areal som vert hogge skal tilfredsstillande foryngast. Normalt vil dette vere planting av gran etter hogst av gran.
- Normalt vert det sett vilkår om nyplanting av gran på eigna, ikkje tidlegare tilplanta område, tilsvarende eitt dekar for kvar 5000 kr. gjeve i tilskot.
- Tilskot som ikkje er nytta når byggjefristen går ut, vert trekt inn.
- 10 % av tilskotet vert halde tilbake til sluttrekneskapen for tiltaket er godkjend og vegen er ferdiggodkjend.

### **5.3.5. Søknaden**

Søknad om tilskot til veg skal skrivast på landbruksdirektoratet sitt skjema LDIR-903 eller leverast elektronisk.

Dette skal leggast ved søknaden:

- Eit kart som syner vegen og som syner dekningsområdet til vegen (detaljkart).
- Eit kart som syner området der vegen ligg (oversiktskart).
- Eventuelt namn på vegen, dersom du kjenner til det.
- Ein skriftleg plan, og eventuelt avtale, for vedlikehald.
- Ein skriftleg plan for/oversikt over framtidig bruk av arealet som vert løyst ut av vegen.
- For fellesanlegg skal det ligge ved ei oppdatert og rett liste over fordeling av kostnadane med anlegget.

## **5.4. Miljøtiltak i skog - § 6**

Tilskot til miljøtiltak i skog gjeld tilskot til:

- Dekking av meirkostnader eller tap ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å ivareta og utvikle miljøverdiar.
- Delvis dekking av økonomisk tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle miljøverdiar, der omsyn til desse krev at skogeigarne avstår frå hogst eller legg om skogsdrifta.
- Dekking av meirkostnader ved skogsdrift for å unngå vegbygging som vil redusere «villmarksprega område».

### **5.4.1. Tilskotssats**

- Inntil 70 % tilskot for kostnader knytt til dekking av meirkostnader eller tap ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å ivareta og utvikle miljøverdiar.
- Inntil 30 % tilskot for kostnader knytt til dekking av tap (trekt frå ein arealavhengig eigenandel) til skogeigarar som tek vare på nøkkelbiotopar i eit større omfang enn det som vert forventa av næringa.

Utover dette vert tilskotssatsen fastsett etter skjønn i kvart einskild tilfelle.

Normalt skal tilskot til ein skogeigar ikkje overstige kr. 75 000, jf. NMSK-forskrifta § 6 tredje ledd.

### **5.4.2. Krav**

- Miljøverdiane må kunne påvisast og dokumenterast.
- Meirkostnader eller tap skal vere tilstrekkeleg dokumentert.

### **5.4.3. Vilkår**

Skogeigaren og kommunen skal inngå ei avtale om kva plikter og restriksjonar tilskotet byggjer på. Avtala bør normalt gjelde i om lag 10 år, jf. NMSK-forskrifta § 6 fjerde ledd.

I praksis skjer normalt avtaleinngåinga ved at skogeigaren signerer på løvvingsvedtaket med føresetnader og vilkår.

### **5.4.4. Søknaden**

Søknad om tilskot til miljøtiltak i skog skal skrivast på landbruksdirektoratet sitt skjema LDIR-911 eller leverast elektronisk.

## **5.5. Drift med taubane, hest o.a. - § 7**

Tilskot til drift med taubane, hest o.a. gjeld tilskot til drift i vanskeleg terren. Det kan også gjevast tilskot til drift i vanskeleg terren utanom taubanedrift der dette er føremålstenleg, med tilskotssats vurdert etter skjønn.

### **5.5.1. Tilskotssats**

Statsforvaltaren (fylkesmannen) har tidlegare tilrådd ei variabel tilskotsordning som i større grad kan gjere gjennomføring av skogsdriftene føreseieleg for skogeigarane og entreprenørane når tømmerprisane endrar seg. Det har også vore tilrådd å legge tilskotssatsen for gran på kr. 140 pr. m<sup>3</sup>. Dette har vidare vore drøfta med ein av skogentrepreneurane i vårt område.

Etter dette har vi i denne tiltaksstrategien landa på at vi set ein fastpris for uttak av gran og ein variabel pris for uttak av furu og lauv. Denne ordninga vil bli vurdert på nytt ved neste revidering av tiltaksstrategien.

- Ved hogst av gran: kr. 140 pr. m<sup>3</sup>.
- Ved hogst av furu og lauv: variabelt tilskot kr. (56 000 delt på gjennomsnittleg virkespris) pr.m<sup>3</sup>.
- Hestedrifter og løypestreng: kr. 150 pr. m<sup>3</sup>.

### **5.5.2. Krav**

- Det må ligge føre dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS), eller gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande skog sin standard i område utan MIS-registreringar.
- Skogen som vert teken ut må vere i rett alder:

Bonitet	Lågaste totalalder
G26 og betre	55 år
G23	60 år
G20	70 år
G17	80 år
G14	90 år

Ved hogst av mindre areal, som kan verte vanskelege å få hogd seinare, i samband med større drifter, vindfall o.l. kan alderskravet fråvikast.

- Drifta må gjennomførast utan serskild skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Det vert ikkje gjeve tilskot dersom drifta med taubane kan motverke utbygging av eit rasjonelt vegnett.

### 5.5.3. Prioritering

Søknadane vert handsama fortløpande det året dei kjem inn (med unntak av søknader som eventuelt kjem inn på tampen av året), og om det er naudsynt og mogleg vil desse bli prioriterte opp mot kvarandre.

Dersom det må prioriterast mellom søknadane vert eventuelt uttak av stormfelt skog prioritert.

### 5.5.4. Vilkår

Det skal normalt plantast med likt eller høgare produserande treslag på avvirkta område.

### 5.5.5. Søknaden

Søknad om tilskot til drift med taubane, hest o.a. skal skrivast på landbruksdirektoratet sitt skjema LDIR-916 eller leverast elektronisk.

Dette skal leggast ved søknaden:

- Kart.
- Dokumentasjon på skogen sin alder.
- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregistreringar i skog (MIS) eller gjennomført føre-var-tiltak i tråd med Levande skog sin standard i område utan MIS-registreringar.
- Ei vurdering av, og forklaring på, kvifor taubane er nytta.
- Ei kort utgreiing knytt til framtidig plan for, og bruk av, det avvirkta området (forynging).

## 5.6. Utdrift av skogsvirke til bioenergi - § 8

Tilskot til utdrift av skogsvirke til bioenergi gjeld tilskot til uttak av skogsvirke og skogflisråstoff for energiproduksjon.

Skogsvirke er her heiltrevirke, rundtømmer fra førstegangstynning og lauvskoghogst, og hogstavfall.

Hogstavfall er greiner og toppar (GROT), bult (ein kort, avkappa del av trestammen som er utenleg som tømmer. Bulten stammar som oftast frå rotenden av tree) og eventuelt andre trerestar, men ikkje stubbar. Hogstavfall kan også vere virke som er skada etter t.d. brann, storm, snø («snøbrekk») eller insektangrep, og som ikkje kan omsetjast som ordinært tømmer.

Tilskotsordninga dekker skogsvirke som vert teke ut gjennom førstegangstynning, lauvskoghogstar, ungskogpleie eller kulturlandskapspleie, i tillegg til uttak av hogstavfall.

### 5.6.1. Tilskotssats

Utgangspunktet for tilskotssatsane vi nyttar er Statens landbruksforvaltning sine tilskotssatsar frå august 2011. Desse har vi justert opp til dagens nivå (august 2020) ved hjelp av priskalkulatoren på Statistisk sentralbyrå sine internetsider.

Sortiment	Tiltak	Tilskotssatsar
Rundvirke	Førstegangstynning	24 kr/fm <sup>3</sup> rundtømmer
Heiltre	Førstegangstynning Ungskogpleie Lauvskoghogst Kulturlandskapspleie Vegkantrydding Skrapvirke/tørrgran	63 kr/lm <sup>3</sup> skogsflis
GROT	Uttak etter hogst Opprydding etter katastrofar (brann, storm, insektangrep og skader som fylgje av snø («snøbrekk»))	36 kr/lm <sup>3</sup> skogsflis

### 5.6.2. Krav

Det vert stilt krav om at det er teke omsyn til landskap, biologisk mangfold, friluftsliv og kulturverdiar ved utdrifta. Det betyr at det i skog skal takast omsyn til registrerte miljøkvalitetar, og at reglane i aktuelle og relevante lover og forskrifter vert fylgte. I kulturlandskapet gjeld dei same restriksjonane som fylgjer av vilkåra for å få produksjonstilskot i jordbruket.

### **5.6.3 Søknaden**

Søknad i fri form skal sendast til kommunen.

For heiltre og GROT må mengd skogsvirke vere oppgjeve i løskubikkmeter ( $l m^3$ ) skogsflis i søknaden. Det vil seie at mengda må konverterast til den mengda dette svarar til etter at virket er flisa.

Omrekningsformel for løskubikkmeter heiltre og GROT (ferskt) liggande i lunne (skogsvirket samla/oppstabla før transport/foredling o.l.):

**1  $l m^3$  heiltre eller GROT = 0,8  $l m^3$  skogsflis.**

Dersom kjøpar ikkje kan oppgje mengda meir nøyaktig, kan mengda målast og konverterast slik:

Berekn volumet på lunna ved å gange saman dei utvendige måla (LxBxH), og gange med ein faktor på 0,8. Det vert førtsett at målinga er av ferskt virke i normalt kompakte lunner.

Dette må leggast ved søknaden:

- Ei leveransekontrakt for det utdrivne virket, som dokumenterer driftskostnader og flissal.
- Eit kart som syner kvar skogsvirket er teke ut.

## **5.7. Andre tiltak i skogbruket - § 8**

Tilskot til andre tiltak i skogbruket gjeld tilskot til tiltak og prosjekt som bidreg til å utvikle skogbruket, når tiltaket eller prosjektet ikkje er omfatta av andre etablerte tilskotsordningar i landbruket.

### **5.7.1. Tilskotssats**

Tilskotssats vert fastsett etter skjønn i kvart einskild tilfelle.

### **5.7.2. Prioritering**

Tiltak og prosjekt som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen vert prioriterte.

## 5.8. Oppsummert oversikt over tilskotssatsar for perioden 2021-2024

Tiltak	Tilskotssats
<b>Skogkultur</b> - Planting, plantekjøp og ungskogpleie  - Såing, flaterydding, markberedning, stammekvisting, underskot ved tynning og gjødsling	50 %  40 %
<b>Veg</b> - Traktorvegar  - Bilvegar	25-45 %  30-70 %
<b>Miljøtiltak i skog</b> - Dekking av meirkostnader eller tap ved å gjennomføre skjøtselstiltak for å ivareta og utvikle miljøverdiar.  - Dekking av tap til skogeigarar som tek vare på nøkkelpotpar i eit større omfang enn det som vert forventa av næringa.	Inntil 70 %  Inntil 30 %   Utover dette vert tilskotssatsen fastsett etter skjønn i kvart einskild tilfelle.  Tilskotet skal normalt ikkje overstige meir enn kr. 75 000 pr. skogeigar.
<b>Drift med taubane, hest o.a.</b> - Hogst av gran  - Hogst av furu og lauv  - Hestedrifter og løypestreng	Kr. 140 pr. m <sup>3</sup>  Variabelt tilskot kr. (56 000 delt på gjennomsnittleg virkespris) pr.m <sup>3</sup>  Kr. 150 pr. m <sup>3</sup>
<b>Utdrift av skogsvirke til bioenergi</b> - Rundvirke  - Heiltre  - GROT	24 kr/fm <sup>3</sup> rundtømmer  63 kr/lm <sup>3</sup> skogsflis  36 kr/lm <sup>3</sup> skogsflis
<b>Andre tiltak i skogbruket</b>	Tilskotssats vert fastsett etter skjønn i kvart einskild tilfelle.

## 6. Søknadsfristar

### 6.1. Generelt

Det har til no ikkje vore innført søknadsfristar i Stryn kommune for søknader om tilskot til tiltaka i NMSK-forskrifta, men kommunen står fritt til å innføre slike fristar når det er føremålstenleg av

omsyn til prioritering av tilskot, jf. NMSK-forskrifta § 9.

## 6.2. Skogkultur - § 4

Vi ser at det kan vere føremålstenleg å ha frist for søknader om tilskot til skogkultur. Mangelen på søknadsfrist kan føre til at dei som leverar søknad seint på året kanskje får fullt tilskot. Den tildelte tilskotspotten på det tidspunktet kan vere liten/tom, då det er eit førstemann-til-mølla-prinsipp som gjeld. Statsforvaltaren (fylkesmannen) har også sett fristar for søknader til tilskot til tettare planting - eit klimatiltak som vert handsama saman med søknad om tilskot til skogkultur.

Det er likevel meir som talar for å ikkje innføre frist på tilskotssøknadane knytt til skogkultur.

Statsforvaltaren har tidlegare tilrådd at skogkulturtilstok vert tilvist fortløpende av kommunen, av omsyn til at dei då får ei betre oversikt tidlegare med tanke på eventuelle tilleggsløyingar. Vi ser det også slik at dette er gunstig av omsyn til rask sakshandsaming. Ved at ein ikkje har søknadsfrist kan søknader handsamast fortløpende, i staden for at søknadene skal samle seg opp.

Det er også sjeldan desse søknadane kan prioriterast opp mot kvarandre, då dei ofte er like og har like stor «rett» på tilskotet.

Tilstok til tettare planting søker skogeigarane erfaringsmessig heller ikkje på sjølve, og det er opp til sakshandsamar å undersøkje om ein søknad om tilskot til planting tilfredsstiller krava til tettare planting. Det er også sakshandsamar som avgjer om søknader som er komne inn etter fristen for tettare planting likevel skal takast med i den aktuelle runden eller utsetjast til neste runde.

Vi ser det ikkje som føremålstenleg av omsyn til prioritering av tilskot å innføre søknadsfrist for tilskotssøknader knytt til skogkultur, og opprettheld praksisen frå tidlegare med fortløpende handsaming og eit «førstemann-til-mølla-prinsipp».

## 6.3. Vegbygging - § 5

For tilskotssøknader knytt til vegbygging er det naudsynt å prioritere søknadane opp mot kvarandre på grunn av knappheit i tilskotsmidlane og for å betre kunne synleggjere tilskotsbehovet i høve til statsforvaltaren, og vi ser det difor som naudsynt å innføre ein søknadsfrist for tilskotssøknader knytt til veg. Det er imidlertid behov for å også ha ein meir «dynamisk» søknadsfrist for at ordninga skal fungere best mogleg. Søknadsfristane er difor slik:

Søknad om tilskot til prosjekt med estimert anleggskostnad opp til og med kr. 300 000 vert handsama fortløpende – ingen søknadsfrist.

Søknad om tilskot til prosjekt med estimert anleggskostnad over kr. 300 000 har to søknadsfristar i løpet av året:

1. mars og 1. oktober.

Søknadane vert handsama det året dei kjem inn, med unntak av søknad om tilskot til prosjekt med anleggskostnad over kr. 300 000 som kjem inn etter fristen 1. oktober, og andre mindre søknader som kjem inn på tampen av året.

#### **6.4. Miljøtiltak i skog, utdrift av virke til bioenergi og andre tiltak i skogbruket - §§ 6 og 8**

Tiltak som miljøtiltak i skog, utdrift av virke til bioenergi og andre tiltak i skogbruket mottek vi sjeldan tilskotssøknader på. Vi ser det difor som lite føremålstenleg å innføre noko frist for desse tiltaka per dags dato.

Vi vel difor å ikkje innføre frist for søknad om tilskot til desse NMSK-tiltaka denne perioden.

#### **6.5. Drift med taubane, hest o.a. - § 7**

Vi ser det som mest føremålstenleg å ikkje innføre frist for søknader knytt til tilskot til drift i vanskeleg terren. Grunnen til det er hovudsakleg at ordninga krev fleksibilitet, då det kan kome fleire til drifta undervegs - både i planleggingsprosessen og under sjølve drifta.

Vi oppmodar om at søknad om tilskot til drift i vanskeleg terren vert sendt til kommunen seinast seks veker før drifta er planlagd starta.

### **7. Tilskotsbehov**

#### **7.1. Generelt**

Statsforvaltaren i Vestland fordelar tilskotsmidlane til dei ulike tiltaka mellom kommunane i Vestland fylke. Dette vert gjort med grunnlag i kommunane sine innmelde tilskotsbehov og statsforvaltaren sine prioriteringar.

Det er desse midlane kommunen igjen fordelar på dei ulike tiltaka i NMSK-forskrifta, etter retningslinene i denne tiltaksstrategien.

#### **7.2. Generelt NMSK-tilskot (skogkultur m.m.)**

Det har vist seg å vere eit noko varierande tilskotsbehov i Stryn kommune, men det ser ut som behovet i eit «normalår» ligg ein plass kring kr. 200 000.

I 2018 fekk kommunen tildelt kr. 130 000 i NMSK-midlar + kr. 45 000 i tilleggsløyving hausten 2018.

I 2019 fekk kommunen tildelt kr. 170 000 + kr. 95 000 i tilleggsløyving hausten 2019.

I 2020 fekk kommunen tildelt kr. 200 000 – kun om lag kr. 160 000 vart brukt.

### **7.3. Tilskot til vegbygging**

Det er noko vanskeleg å uttale seg om tilskotsbehovet knytt til vegbygging, då 2020 var det første året vi handsama desse søknadane fullt ut. Vi har likevel sett ein trend dei seinare åra, at det er mindre tilskotsmidlar tilgjengeleg til vegbygging i Stryn kommune enn behovet.

I 2020 fekk vi i den ordinære fordelinga kr. 1 100 000 i tilskotsmidlar til veg. Dette var nok til å betale ut kun delar av 60 % til eit nytt vegprosjekt og ein mindre sum til eit stort, eldre vegprosjekt som vi fekk tilbake frå statsforvaltaren (då fylkesmannen) då vi overtok handsaminga 1.1.2020. Vi fekk ikkje ekstra tilskotsmidlar øyremerkte til å rydde opp i dei eldre tilskotssøknadane vi fekk tilbake frå fylkesmannen.

Alle andre, nye søknader som kom inn i 2020 fekk orientering om at dei måtte vente på handsaming til 2021, på grunn av manglande midlar. Dette er ikkje ein praksis vi ynskjer å vidareføre.

Vi låg fylgjeleg an til å ha eit stort tilskotsbehov for 2021, men heldigvis klarte vi å få inn to tilleggsløyvingar på tampen av 2020, til ein samla sum av kr. 1 531 853, og fekk såleis handsama dei fleste søknadane som låg i kø til handsaming.

Den samla summen vi fekk inn i 2020 vart då kr. 2 631 853. Alle desse midlane vart bevilga.

Stryn kommune er ein stor skogbrukskommune med mykje aktivitet, som også har gjort ein betydeleg jobb med utarbeiding av planar og rydding i eldre saker, arkiv og system dei siste åra. Dette er gjort for å lage det meir oversiktleg, føreseieleg, rettferdig, enklare, ryddigare og meir effektivt å forhalde seg til kommunen sine skogoppgåver, som tildeling av tilskot, både for næringa, skogeigarane og skashandsamar i kommunen.

Vi har no innført gode rutinar og retningsliner også for dei nye oppgåvene vi fekk 1.1.2020, og håpar difor at vi får tilstrekkeleg tilskotsmidlar til å utføre jobben slik vi ynskjer. Vi er uroa for at det vert ein rotete og uoversiktleg situasjon, som vert oppfatta som urettferdig og byråkratisk, dersom tilskotsmidlane vi får er langt frå det reelle behovet i kommunen.

### **7.4. Tilskot til drift med taubane, hest o.a.**

Det er noko vanskeleg å uttale seg også om tilskotsbehovet knytt til drift i vanskeleg terren, då 2020 var det første året vi handsama desse søknadane fullt ut. Erfaringsmessig dekkjer tilskotsmidlane til drift i vanskeleg terren behovet vi har.

I 2020 hadde vi åtte søknader, med eit samla tilskotsbehov på kr. 1 115 800. Alle fekk det dei sökte på.

## **8. Revidering**

Tiltaksstrategien vert normalt revidert i tide til den gjeldande strategien går ut. Ny tiltaksstrategi skal i dette tilfellet vere gjeldande frå 2025. Tiltaksstrategien kan likevel reviderast når som helst før denne tid, dersom det vert behov for det.